

Regional stode for nynorsk skriftkultur

Notat om omgrepsavklaringar, skalaer og kriterium

Utarbeidd av Per Magnus Finnanger Sandsmark, publisert 28. januar 2022

Samandrag

Føremålet med dette notatet er å etablere eit felles språk om stoda for nynorsk skriftkultur ulike stader i landet. Det blir gjort gjennom å etablere bu- og arbeidsmarknadsregionane som analysenivå. Desse speglar i stor grad områda folk lever kvardagane sine i. Vidare blir det føreslege statusnivå og kriterium for desse nivåa. Kriteria skal vere basert på tilgjengeleg statistisk informasjon på kommune- og regionnivå, og kan endrast dersom meir eller anna informasjon vert tilgjengeleg.

Det blir etablert fem ulike nivå for å vurdere korleis stoda for nynorsk som lokalt bruksspråk. Dei seks nivåa med tilhøyrande kriterium er:

	Opplæring	Mediebruk	Forankring
Trygt	Minst 80 % av elevane har nynorsk som førstespråk Minst 80 % held på nynorsk frå 1. til 10. steget Stabilt eller aukande nynorskdeler siste fem år (endring på maks. -5 prosentpoeng) Minst 80 % av elevane går på rein nynorskskule Nynorsk er opplæringsspråket i vaksenopplæring for innvandrarak	Det eksisterer lokalt/regionalt medium som er redigert på nynorsk eller nynorsk og bokmål med husstandsdekning over 25 %.	Minst 50 % skal bu i kommune med nynorsk språkvedtak etter språklova.
Sårbart	Minst 60 prosent har nynorsk som førstespråk Minst 60 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Minst 60 prosent av elevane går på rein nynorskskule	Det eksisterer lokalt/regionalt medium som er redigert på nynorsk eller nynorsk	Minst 25 % bur i kommune med nynorskvedtak.
Truga	Det er skular/ klassar med nynorsk som førstespråk. Det er minst ein rein nynorskskule med både barne- og ungdomssteg.		
Alvorleg truga	Det er skular/ klassar med nynorsk som førstespråk.		
Kritisk truga	Det er ikkje skular/ klassar med nynorsk som førstespråk.		Nynorsk er i bruk i kyrkja, men ikkje i skulen.
Marginalisert			Nynorsk er ikkje i bruk i skule, kyrkje eller kommune, men har vore i bruk i skulen.

Innhold

1 Bakgrunn	3
2 Val av analysenivå	3
3 Val av statusnivå	4
4 Tilgjengeleg statistisk materiale	4
5 Kriterium for kvart statusnivå	6
6 Større språkområde	9
7 Norske bu- og arbeidsmarknadsregionar etter kriteria	10
8 Konsekvensar av val av kriterium og statusnivå	25
9 Avgrensing av kjerneområde og randsoner	26
10 Oversyn over status region for region	27

1 Bakgrunn

Nynorsk er eit nasjonalt språk, men som er svært ulikt regionalt forankra. Språklova slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige språk, at dei er jamstilte skriftspråk i staten og at offentlege organ må ta særleg omsyn til nynorsk som mindretalsspråk.

Mange tiltak for å styrkje nynorsk må vere nasjonale tiltak. Samstundes ser vi at stoda er svært ulik ulike stader i landet. Nokre stader er nynorsk institusjonalisert i skule, kyrkje, offentlig sektor og i større delar av nærings-, arbeids- og samfunnslivet. Det sikrar bruk av og eksponering for nynorsk for innbyggjarane. Andre stader er den institusjonaliserte nynorsken avgrensa til enkelte arbeidsplassar og kanskje kyrkja.

I teikneserien [Asterix](#) krinsar handlinga rundt livet i ein liten landsby i Gallia. Mot alle odds klarer dei å halde på eigen kultur, på sjølvstendet og på språket trass i at dei stadig blir påverka av utanomverda. Dei klarer det fordi nokre einskilde personar, med særskilde eigenskapar er blant dei. I tillegg har dei tilgang på styrkedropar. Det er ikkje noko betre eller dårlegare å vere nynorskbrukar i område der nynorsk er svakare institusjonalisert, men ein treng eldsjelar og styrkedropar. Truleg kan klasifiseringa og analysereisken i denne rapporten tydeleggjere kvar styrkedropane trengst.

Utgangspunktet for notatet er at ein treng

- klare definisjonar for omgrep som kjerneområde, randsone og gjerne meir nyansert terminologi om den geografiske stoda for nynorsk
- eit felles geografisk analysenivå (skulekrins, grunnkrins, kommune, region, fylke)
- kriterium for å vurdere stoda for nynorsk i ulike geografiske område

2 Val av analysenivå

Mykje nynorsk statistisk materiale er presentert på skulekrins- eller kyrkjesoknnivå. Eit problem for å velje det som utgangspunkt er at anna datamateriale sjeldan er tilgjengeleg på skulekrins- eller kyrkjesoknnivå. Dei er heller ikkje jamlike med kvarandre, eller med einingane grunnkrins (som er den statistiske eininga under kommunenivå) eller postnummer. I tillegg er kyrkjesokn og skulekrinsar for tida ikkje naturlege avgrensingar for kva geografisk område ein lever liva sine i.

Kommunane er i større grad ei eigna eining for analysenivå, og dei fleste data er tilgjengelege på kommunenivå. Dei er også langt meir operative enn fylkesnivået, som gir for store einingar. Kommunennivået er heller ikkje eit ideelt nivå. I kvardagen er ikkje kommunegrensene den ytre grensa for menneskeleg aktivitet og kulturell påverknad. Det har vel strengt teke ikkje landegrenser heller, og korkje verda eller nasjonen er gode analysenivå for den regionale og lokale stoda for nynorsk.

Det er etablert ein standard for regionar mellom kommune- og fylkesnivå. Dette er [bu- og arbeidsmarknadsregionar](#). Desse tek omsyn til pendleveg, reiseavstand, busetnadsmønster og andre kriterium som danner naturlege regionar der folk bur, arbeider og får ulike tenester. Dei aller fleste i desse områda bur og arbeider i denne regionen, sjølv om det også kan vere vesentleg aktivitet til andre område. Nokre av desse regionane har kommunar frå to eller fleire fylke.

Ein fordel er at desse bu- og arbeidsmarknadsregionane tek utgangspunkt i heile kommunar. Dermed kan ein bruke data for kommunane, samstundes som ein synleggjer påverknad av å vere tett integrert i eit større område, til dømes ein byregion.

3 Val av statusnivå

UNESCO har ein [skala](#) for å vurdere trugsmål mot språk. Dette er brukt av UNESCO for å vurdere språk som heilskap, ikkje for stoda til språket i ulike geografiske einingar.

Nynorsk vil etter dei fleste [kriterium](#) i vurderinga for stoda for språk bli rekna som eit trygt språk på nasjonalt nivå. Nynorsk har relativt høge brukartal i eit internasjonalt perspektiv. Det er tilgjengeleg materiale for skulebruk, er i bruk i media, har ordlister, grammatikk og anna dokumentasjon, offisiell status, beskyttelse i lovbruk, blir brukt offentleg, blir brukt av både eldre og yngre, har ein relativt stor grad engasjerte og organiserte språkbrukarar og blir brukt på svært mange domene (sjølv om ein står svakt på somme domene).

Det er derfor viktig å understreke at ein ikkje kan vurdere statusen for nynorsk i Noreg ved å slå saman dei regionale statusnivåa. Dei regionale statusnivåa syner variasjonen i korleis nynorsk er regionalt institusjonalisert ulike stader i landet. Vi veit at nynorsk vert brukt privat også i område der det aldri har vore i bruk som førstespråk i skule eller kyrkje. Derfor er det lågaste kriteriet ikkje «utdøydd», men marginalisert. Det er brukt om område som har hatt formell nynorsk forankring, men som ikkje har det lenger. Nokre område har vore marginaliserte før, men har hatt revitaliserings-periodar (til dømes Målselv, Tromsø, Balsfjord, Vegårshei).

Med bakgrunn i dette brukar denne rapporten seks nivå (slik UNESCO også gjer det) og tilpassar det dei særskilte utfordringane for nynorsk i lokalsamfunna:

1. *Trygg*: Nynorsk er dominerande og sterkt forankra som skriftspråk i lokalsamfunnet.
2. *Sårbar*: Nynorsk er dominerande, men veikare forankra som skriftspråk i lokalsamfunnet.
3. *Truga*: Nynorsk er eit dagleg bruksspråk blant nokre, men bokmål er dominerande i området.
4. *Alvorleg truga*: Nynorsk er i bruk, men det er vanskelege kår for å lære og bruke språket.
5. *Kritisk truga*: Nynorsk er i liten grad bruk av yngre og det er ingen hovudmåselevar, men har ein viss institusjonalisert praksis (gjerne i form av offisielt språk i eit eller fleire kyrkjesokn).
6. *Marginalisert*: Det er ingen institusjonalisert lokal og regional bruk av nynorsk i området, men det har vore det tidlegare (i kyrkje, skule eller kommunalforvaltning)

Til kvart nivå må det definerast tydelege kriterium for korleis ein hamnar på kvart nivå.

4 Tilgjengeleg statistisk materiale

Føremålet er samanlikning av stoda for nynorsk mellom regionar i heile landet, det skal oppdaterast over tid og det skal vere relevant for analysenivået (økonomiske regionar). Det er derfor fire føresetnader som må vere oppfylte for at det skal vere relevant for vurderinga.

- data seier noko om bruk av nynorsk (og bokmål)
- data er tilgjengeleg på kommunenivå (eller mindre einingar som kan slåast i hop til kommunenivå)
- data er oppdatert og publisert årleg eller oftare (slik at ein kan følgje tidsseriar over tid)
- data er tilgjengeleg for alle kommunar i Noreg

I Språkfakta 2020 har Ottar Grepstad samla myke relevant statistisk dokumentasjon for bruk av nynorsk og bokmål. Lite av dette materialet svarar til alle kriteria over, men mykje kan brukast som grunnlag for vurderingar av stoda.

Opplæring

[Grunnskolen informasjonssystem](#) gir gode data på fleire av områda.

- Tal elevar etter hovudmål på steg-, skule- og kommunenivå i grunnskulen
- Offisiell målform for grunnskulane
- Ein kan også lese ut av dataa om det er høgt nok tal elevar av det språklege mindretalet på kvart steg til at det er språkblanda grunnskule

Noregs Mållag publiserer informasjon om kva kommunar som har [nynorskopplæring](#) for vaksne innvandrarar.

I vidaregåande opplæring har vi ikkje tilgjengeleg statistikk etter bustadkommune til eleven, og heller ikkje for alle steg og utdanningsprogram. Det er ikkje nynorskstatistikk for barnehage, fagskule eller høgare utdanning.

Det kunne vore aktuelt å sjå på [karakterane](#) i hovudmål og sidemål for elevane etter 10. steget, men i den publiserte statistikken er det ikkje skilt mellom kva som er hovudmålet til elevane. Det er ofte enkeltelevar eller større blanding med anna målform enn resten av steget.

Det er også folkerøystingar om val av målform i skulekrinsar frå tid til anna. Desse er ikkje i kvar krins kvart år, og følgjer ikkje kravet om tidsserie og like data for alle kommunar.

Mediebruk

[Mediekatalogen](#) har opplagstal på kommunenivå etter medium, og opplysing om redaksjonsspråk. i praksis er avisene meir språkblanda enn dei kan sjå ut til. Det kan både vere enkeltjournalistar som skriv anna språk enn det dominerande, og annonsemateriale og anna kan dominere i stor grad.

Offentleg bruk

Det er ikkje samla offentlig statistikk om bruk av kvar målform i kvar kommune, men det er [forskrift om målvedtak etter mållova](#) (språkvedtak etter språklova)

Privat bruk

Dei to statistikkane som er enklast å bruke er målformsregistrering i skattemelding og vernepliktige. Det siste er eit lite, og ganske tilfeldig, utval. Det er ikkje fast publisering av registrert skriftspråk i skattemeldingane. Dersom det hadde vore det kunne det vore eit aktuelt tal.

Historisk bruk og kyrkje

Språkfakta 2020 av Ottar Grepstad har informasjon om kyrkjemål på prostinivå. Deretter må ein hente inn informasjon frå kvart prosti. Det er gjort til denne gjennomgangen. Fordelen med kyrkjestatistikken er at den avdekkjer institusjonalisering av nynorsk utover områda med nynorsk framleis er i bruk som hovudmål i skulen. Det er også tilgjengeleg informasjon om nynorskbruk i skulen. Begge delar finst for år og kommunar.

Anna statistikk

Det er ikkje tilgjengeleg statistikk for bruken av næringslivet (utover at ein kan finne kva dei har registrert for skattemeldingslevering) eller reell bruk i kommunane.

5 Kriterium for kvart statusnivå

Det kunne vore tre ulike måtar å lage kriteria for statusnivået: poengsystem, eit system med absolutte kriterium eller eit system som kombinerer dette.

Med eit poengsystem kan ein skjule at nynorsk til dømes berre står sterkt i skulen (der vi også har best datagrunnlag), men er svakt forankra elles. Målet er jo å finne ut om nynorsk er «dominerande og sterkt forankra som skriftspråk i lokalsamfunnet», slik kriteriet for *trygg* er sett til. Vi har data for områda opplæring, mediebruk, offentleg sektor og historisk institusjonalisering. Dersom datatilgangen vert endra er det naturleg å endre kriteria også.

Framlegg til kriterium er:

Opplæring

Stoda no

- Del av elevane i grunnskulen med nynorsk som opplæringsmål
- Obligatorisk opplæring på nynorsk for innvandrarar
- Høve til å gå i nynorskskule frå 1.–10. steget

Utvikling

- Fråfall undervegs i studieløpet (kor stor del av 1. klassingane for 10 år sidan har nynorsk i 10. klasse)
- Endringa i nynorskopplæring siste 20 skuleår.

Mediespråk

- Avis med nynorsk eller bokmål og nynorsk som redaksjonsspråk
- Husstandsdekninga for denne/ desse avisene i området

Forankring

Noverande

- Innbyggjarar i kommunar med målvedtak etter mållova

Historisk/ kyrkje

- Sokn med nynorsk liturgi
- Kommunar som har hatt nynorskklassar/ skular

Nivå 1: Trygg

Nynorsk er dominerande og sterkt forankra som skriftspråk i lokalsamfunnet.

Skule

Nynorskelevane er i solid fleirtal, og det vert oppfatta som sjølvstøtt og naturleg at all undervising i kommunen/ skulekrinsen er på nynorsk. Nynorsk er også i bruk i opplæringa for vaksne innvandrarar. Stoda for nynorsk i skulen er stabil eller aukande.

- Minst 80 % av elevane i grunnskulen har nynorsk som førstespråk
- Minst 80 % av nynorskelevane går på skular der nynorsk er undervisningsspråk i alle elevgrupper
- Det finst reine nynorskskular frå 1. til 10. steget
- Det er obligatorisk opplæring for nynorsk for innvandrarar i kommunen
- Minst 80 % av nynorskelevane held fram frå 1. steget (11/12) til 10. steget (20/21)
- Endringa i del nynorskelevar er i auke, stillstand eller mindre nedgang, maksimalt -5 prosentpoeng

Mediespråk

- Det eksisterer minst ei lokal eller regional avis som vert redigert på nynorsk eller nynorsk og bokmål, med minst 25 prosent husstandsdekning i heile regionen.

Forankring

Nynorsk er institusjonalisert i andre sektorar enn skulen. Det er gjort målvedtak etter mållova, og det tyder at statlege verksemdar også tek omsyn til dette valet.

- Minst halvparten av innbyggjarane bur i kommune med nynorskvedtak.

Nivå 2: Sårbar

Nynorsk er dominerande, men veikare forankra som skriftspråk i lokalsamfunnet.

Skule

Nynorskelevane er i fleirtal, og dei fleste elevane held på målforma gjennom skulegangen. Det ligg ofte særleg til rette for nynorskbruk i delar av området, der det også er reine nynorskskular.

- Minst 60 % av elevane i grunnskulen har nynorsk som førstespråk
- Minst 60 % av nynorskelevane går på skular der nynorsk er undervisningsspråk i alle elevgrupper
- Minst 60 % held på nynorsk frå 1. (11/12) til 10. steget (20/21)
- Det finst reine nynorskskular frå 1. til 10. steget

Mediespråk

- Det eksisterer minst ei lokal eller regional avis som vert redigert på nynorsk eller nynorsk og bokmål.

Forankring

Nynorsk er institusjonalisert i andre sektorar enn skulen. Det er gjort målvedtak etter mållova, og det tyder at statlege verksemdar også tek omsyn til dette valet.

- Minst 25 % av innbyggjarane bur i kommune med nynorskvedtak.

Nivå 3: Truga

Nynorsk er eit dagleg bruksspråk blant nokre, men bokmål er dominerande i området.

Skule

Nynorskelevane er i fleirtal, og dei fleste elevane held på målforma gjennom skulegangen. Det ligg ofte særleg til rette for nynorskbruk i delar av området, der det også er reine nynorskskular.

- Minst 60 % av elevane i grunnskulen har nynorsk som førstespråk
- Minst 60 % av nynorskelevane går på skular der nynorsk er undervisningsspråk i alle elevgrupper
- Minst 60 % held på nynorsk frå 1. (11/12) til 10. steget (20/21)
- Det er minst ein rein nynorskskule frå 1. til 10. steget

Mediespråk

- Det eksisterer minst ei lokal eller regional avis som vert redigert på nynorsk eller nynorsk og bokmål.

Forankring

Nynorsk er institusjonalisert i andre sektorar enn skulen. Det er gjort målvedtak etter mållova, og det tyder at statlege verksemdar også tek omsyn til dette valet.

- Minst 25 % av innbyggjarane bur i kommune med nynorskvedtak.

Nivå 4: Alvorleg truga

Nynorsk er i bruk, men det er vanskelege kår for å lære og bruke språket.

Skule

Det er nynorskelevar i regionen, og det vert på den måten rekruttert nye nynorskbrukarar.

- Det er nynorskklassar/ skular i regionen.

Nivå 5: Kritisk truga

Nynorsk er i liten grad bruk av yngre og det er ingen hovudmålselevar, men har ein viss institusjonalisert praksis.

Forankring

- Det er nynorskvedtak etter mållova eller minst eit kyrkjesokn med nynorsk eller nynorsk og bokmål som liturgispråk.

Nivå 6: Marginalisert

Det er ingen institusjonalisert lokal og regional bruk av nynorsk i området, men det har vore det tidlegare

Forankring

- Nynorsk har vore i bruk i skulen, i klassar eller for heile skulekrinsar.

	Opplæring	Mediebruk	Forankring
Trygt	Minst 80 % av elevane har nynorsk som førstespråk Minst 80 % held på nynorsk frå 1. til 10. steget Stabilt eller aukande nynorskdel siste fem år (endring på maks. –5 prosentpoeng) Minst 80 % av elevane går på rein nynorskskule Nynorsk er opplæringsspråket i vaksenopplæring for innvandrarar	Det eksisterer lokalt/ regionalt medium som er redigert på nynorsk eller bokmål med husstandsdekning over 25 %.	Minst 50 % skal bu i kommune med nynorsk språkvedtak etter språklova.
Sårbart	Minst 60 prosent har nynorsk som førstespråk Minst 60 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Minst 60 prosent av elevane går på rein nynorskskule	Det eksisterer lokalt/ regionalt medium som er redigert på nynorsk eller nynorsk	Minst 25 % bur i kommune med nynorskvedtak.
Truga	Det er skular/ klassar med nynorsk som førstespråk. Det er minst ein rein nynorskskule med både barne- og ungdomssteg.		
Alvorleg truga	Det er skular/ klassar med nynorsk som førstespråk.		
Kritisk truga	Det er ikkje skular/ klassar med nynorsk som førstespråk.		Nynorsk er i bruk i kyrkja, men ikkje i skulen.
Marginalisert			Nynorsk er ikkje i bruk i skule, kyrkje eller kommune, men har vore i bruk i skulen.

6 Større språkområde

Her er framlegg til definisjon av to sentrale omgrep (kjerneområde og randsone) i ordsiftet om nynorsk, og eit forsøk på ei nyansiering/ inndeling av randsoneomgrepet:

Kjerneområde: Trygge område som grensar til minst eit anna trygt område.

Indre randsone: Sårbare og truga område som grensar til trygge område.

Ytre randsone: Andre sårbare, truga og alvorleg truga område

Marginalsoner: Alle område der nynorsk er marginalisert eller kritisk truga.

7 Norske bu- og arbeidsmarknadsregionar etter kriteria

Der det ikkje står noko oppfyller ikkje regionane nokre kriterium

1 Halden

Halden, Aremark

2 Moss

Moss, Våler

3 Nedre Glomma

Sarpsborg, Fredrikstad, Råde, Våler

4 Indre Østfold

Indre Østfold, Rakkestad, Skiptvet, Marker

5 Oslo: MARGINALISERT

Oslo, Bærum, Asker, Lillestrøm, Nordre Follo, Lørenskog, Nittedal, Nesodden, Rælingen, Ås, Lier, Frogn, Nes, Vestby, Enebakk, Aurskog-Høland, Lunner, Gjerdrum, Hole, Gran

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Klassar i Oslo til 2008

6 Nedre Buskerud

Drammen, Øvre Eiker, Holmestrand, Modum

7 Numedal: MARGINALISERT

Kongsberg, Flesberg, Rollag

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Klassar i Rollag til 2006, Flesberg til 1970-talet og Kongsberg til 1948

8 Ringerike

Ringerike, Jevnaker, Krødsherad

9 Øvre Romerike

Ullensaker, Eidsvoll, Nannestad, Hurdal

10 Flå

Flå

11 Hallingdal: TRUGA

Gol, Ål, Nes, Hemsedal

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Truga 35 % av elevane har nynorsk i grunnskulen. 58 % går på reine nynorsk skular. Det er ein rein ungdomsskule. Det er ikkje nynorskopplæring for vaksne innvandrarar.	Truga Andelen nynorskelevar har gått frå 60 % i 00/01 til 35 % (-25) i 20/21. Berre 54 % av elevane som hadde nynorsk på 1. steget har det i 10. steget.	Trygg Avisa Hallingdølen (nynorsk) har husstandsdekning over 25 %.	Trygg 78 % av innbyggjarane bur i kommunar med nynorskvedtak.

12 Hol: MARGINALISERT

Hol

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Det var hovudmålselevar til 2016.

13 Sigdal

Sigdal

14 Nore og Uvdal: MARGINALISERT

Nore og Uvdal

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Det var hovudmålselevar til 1965.

15 Vinger, Odal og Solør

Kongsvinger, Eidskog, Sør-Odal, Grue, Nord-Odal

16 Hedemarken

Hamar, Stange, Ringsaker

17 Sør-Gudbrandsdal: MARGINALISERT

Lillehammer, Gausdal, Øyer

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Det var hovudmålselevar til 2010 i Gausdal og til 1960-talet i Lillehammer og Øyer.

18 Land og Toten

Gjøvik, Østre Toten, Vestre Toten, Søndre Land, Nordre Land

19 Åsnes*Åsnes***20 Elverum: MARGINALISERT***Elverum, Våler, Åmot*

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Det var hovudmålselevar i Elverum til 1960..

21 Trysil: MARGINALISERT*Trysil, Engerdal*

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Det var hovudmålselevar i Trysil til 1964..

22 Stor-Elvdal*Stor-Elvdal***23 Nord-Østerdal: MARGINALISERT***Tynset, Alvdal, Rendalen, Tolga og Folldal*

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Det var hovudmålselevar i Folldal til 1997 og fram til 1950- og 60-talet i Tynset, Kvikne, Alvdal, Øvre Rendalen og Tolga...

24 Dovrefjell: ALVORLEG TRUGA*Dovre, Lesja*

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 98 % har nynorsk som hovudmål. Alle går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarak (det er dette som trek ned)	Trygt 98 % held på hovudmålet frå 1. til 10. steget. Det er ingen endring i andelen nynorskelevar dei siste 20 åra.	Trygt Vigga og Norddalen har innhald på nynorsk, og har over 25 % husstandsdekning.	Alvorleg truga Ingen av dei to kommunane har nynorskvedtak etter mållova.

25 Ottadalen: SÅRBART*Lom, Skjåk*

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 99 % har nynorsk som hovudmål. Alle går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarak (det er dette som trek ned)	Trygt 92 % held på hovudmålet frå 1. til 10. steget. Det er ingen endring i andelen nynorskelevar dei siste 20 åra.	Trygt Fjuken har innhald på nynorsk, og har over 25 % husstandsdekning.	Trygt Alle innbyggjarane bur i kommunar med nynorskvedtak.

26 Midt-Gudbrandsdal: SÅRBART*Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebru*

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 66 % har nynorsk som hovudmål. 74 % går på reine nynorskskular, det finst reine ungdomsskular også. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarak.	Trygt 81 % held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er svært lita endring i andel nynorskelevar dei siste 20 åra.	Trygt Dølen har innhald på nynorsk, og har over 25 % husstandsdekning.	Sårbart 74 % av innbyggjarane bur i kommunar med nynorskvedtak.

27 Sel: TRUGA*Sel, Vågå*

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Truga 55 % har nynorsk som hovudmål. 93 % går på reine nynorskskular, det finst reine ungdomsskular også. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarak.	Truga 88 % held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er nedgang på andel nynorskelevar på 31 prosentpoeng dei siste 20 åra.	Trygt Fjuken og Norddalen har innhald på nynorsk, og har over 25 % husstandsdekning.	Sårbart 39 % av innbyggjarane bur i kommunar med nynorskvedtak.

28 Valdres: TRUGA*Nord-Aurdal, Sør-Aurdal, Øystre Slidre, Vestre Slidres, Etnedal, Vang*

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Truga 50 % har nynorsk som hovudmål. 75 % går på reine nynorskskular, det finst reine ungdomsskular. Det er ikkje	Truga 88 % held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er nedgang på andel nynorskelevar på 18	Trygt Avisa Valdres har innhald på nynorsk, og har over 25 % husstandsdekning.	Sårbart 40 % av innbyggjarane bur i kommunar med nynorskvedtak.

nynorskopplæring for innvandrarak.	prosentpoeng dei siste 20 åra.		
------------------------------------	--------------------------------	--	--

29 Tønsberg

Tønsberg, Færder, Sandefjord, Horten

30 Larvik

Larvik

31 Grenland: ALVORLEG TRUGA

Porsgrunn, Skien, Bamble, Siljan, Nome, Drangedal

Truga 0 % har nynorsk som hovudmål, men det er 31 elevar på ein rein nynorskule (berre barneskule). Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarak.	Alvorleg truga Ingen held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er nedgang på andel nynorskelevar på 1 prosentpoeng dei siste 20 åra.	Alvorleg truga Det er ikkje fast nynorskinnhald i noko avis med over 25 % husstandsdekning.	Alvorleg truga 0 % av innbyggjarane bur i kommunar med nynorskvedtak. Det er nynorsk i kyrkja i Nome og Drangedal.
---	---	---	--

32 Aust- og Midt-Telemark: ALVORLEG TRUGA

Notodden, Hjørtal, Midt-Telemark

Alvorleg truga 11 % har nynorsk som hovudmål. Ingen går på rein nynorsk ungdomsskule. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarak.	Alvorleg truga 24 % held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er nedgang på andel nynorskelevar på 52 prosentpoeng dei siste 20 åra.	Sårbar Det er ikkje fast nynorskinnhald i noko avis med over 25 % husstandsdekning, men Bø blad er på nynorsk	Sårbar 48 % av innbyggjarane bur i kommunar med nynorskvedtak.
---	---	---	--

33 Kragerø

Kragerø

34 Tinn: KRITISK TRUGA

Tinn

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Kritisk truga Det er nynorski eit av to sokn i Tinn. Siste elevar med nynorsk som hovudmål gjekk ut i 2010.

35 Seljord: TRUGA

Seljord, Kviteseid

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Truga 89 % har nynorsk som hovudmål. 55 % går på reine nynorskskular (dette trekk ned til truga). Det er ikkje nynorskopplæring for vaksne innvandrarak.	Sårbart Nynorskdelen har gått ned med 5 prosentpoeng. 72 % held på nynorsk frå 1. til 10. Steget.	Trygt VTB er på nynorsk og har over 25 prosent husstandsdekning.	Trygt Alle bur i kommunar med nynorskvedtak.

36 Nissedal: SÅRBART

Nissedal

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 93 % har nynorsk som hovudmål. 100 % går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for vaksne innvandrarak.	Sårbart Nynorskdelen har gått ned med 5 prosentpoeng. 83 % held på nynorsk frå 1. til 10. Steget.	Trygt VTB er på nynorsk og har over 25 prosent husstandsdekning.	Trygt Alle bur i kommunar med nynorskvedtak.

37 Fyresdal: SÅRBART

Fyresdal

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 98 % har nynorsk som hovudmål. 100 % går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for vaksne innvandrarak.	Trygt 89 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er ingen endring i nynorskdelen dei siste 20 åra.	Trygt VTB er på nynorsk og har over 25 prosent husstandsdekning.	Trygt Alle bur i kommunar med nynorskvedtak.

38 Vinje: SÅRBART

Vinje, Tokke

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 94 % har nynorsk som hovudmål. 100 % går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for	Trygt 88 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er ingen større endring i nynorskdelen dei siste 20 åra.	Trygt VTB er på nynorsk og har over 25 prosent husstandsdekning.	Trygt Alle bur i kommunar med nynorskvedtak.

vaksne innvandrarak i Tokke (dette trekk ned).			
--	--	--	--

39 Risør: MARGINALISERT

Risør, Gjerstad

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Det var hovudmålselevar i Gjerstad til 2000 og Risør til 1964.

40 Arendal: MARGINALISERT

Arendal, Grimstad, Froland, Tvedestrand, Vegårshei

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Marginalisert Det var hovudmålselevar i Froland til 2003, Vegårshei til 2017 og Grimstad og Arendal til 1964.

41 Kristiansand: KRITISK TRUGA

Kristiansand, Vennesla, Lillesand, Lindesnes, Birkenes, Iveland

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
			Kritisk truga Det er nynorsk i to kyrkjelokn i Birkenes. Siste klassar gjekk ut i Marnardal (1995)

42 Flekkefjord: ALVORLEG TRUGA

Flekkefjord, Kvinesdal

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 4 % har nynorsk som hovudmål. 100 % går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for vaksne innvandrarak.	Sårbart 100 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er nedgang på 8 prosentpoeng dei siste 20 åra.	Alvorleg truga Ingen avis publiserer jamleg tekstark på nynorsk.	Alvorleg truga Ingen bur i kommunar med nynorskvedtak.

43 Åmli: ALVORLEG TRUGA

Åmli

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
	Nedgang på 95 prosentpoeng dei siste 20 åra.		Kritisk truga Det er framleis nynorskvedtak etter mållova i Åmli, og bruk i kyrkjelokn. Siste hovudmålsklasse gjekk ut i 2016.

44 Nedre Setesdal: SÅRBART

Evje og Hornes, Bygland, Åseral

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 90 % har nynorsk som hovudmål. 64 % går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for vaksne innvandrarak.	Sårbart 66 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er oppgang på 12 prosentpoeng i total nynorskbruk i grunnskulen dei siste 20 åra.	Trygt Setesdølen har nynorsk og har høg husstandsdekning.	Sårbart 36 prosent bur i kommunar med nynorskvedtak.

45 Øvre Setesdal: SÅRBART

Bykle, Valle

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 90 % har nynorsk som hovudmål. 82 % går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for vaksne innvandrarak i Bykle.	Sårbart 64 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er nedgang på 5 prosentpoeng i total nynorskbruk i grunnskulen dei siste 20 åra.	Trygt Setesdølen har nynorsk og har høg husstandsdekning.	Trygt 100 prosent bur i kommunar med nynorskvedtak.

46 Lyngdal: ALVORLEG TRUGA

Lyngdal, Farsund, Hægebostad

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Alvorleg truga 11 % har nynorsk som hovudmål. 72 % går på reine nynorskskular, men ingen reine ungdomsskular. Det er ikkje nynorskopplæring for vaksne innvandrarak.	Trygt 91 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Det er ingen endring i total nynorskbruk i grunnskulen dei siste 20 åra.	Truga Det er ikkje locale/regionale medium med nynorsktekstark.	Truga 8 prosent bur i kommunar med nynorskvedtak.

47 Sirdal: ALVORLEG TRUGA

Sirdal

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 100 % har nynorsk som hovudmål. Alle går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarar (det er dette som trek ned)	Trygt 95 % held på hovudmålet frå 1. til 10. steget. Andelen nynorskelevar har auka med 9 prosentpoeng dei siste 20 åra.	Truga Ingen avis med nynorsktekstar.	Alvorleg truga Ingen av kommunane har nynorskvedtak etter mållova.

48 Dalane: TRUGA

Eigersund, Sokndal, Bjerkreim, Lund

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Truga 13 % har nynorsk som hovudmål. Alle går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarar.	Trygt 95 % held på hovudmålet frå 1. til 10. steget. Andelen nynorskelevar er stabil.	Trygt Det er avis med nynorsktekstar med over 25 % husstandsdekning.	Truga 13 % bur i kommune med nynorskvedtak.

49 Stavanger/Sandnes: TRUGA

Stavanger, Sandnes, Sola, Klepp, Randaberg, Time, Gjesdal, Strand, Hå, Kvitsøy

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Truga 21 % har nynorsk som hovudmål. 58 % går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarar.	Sårbart 77 % held på hovudmålet frå 1. til 10. steget. Andelen nynorskelevar er stabil.	Trygt Det er avis med nynorsktekstar med over 25 % husstandsdekning.	Truga 11 % bur i kommune med nynorskvedtak.

50 Haugesund: TRUGA

Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sveio, Bokn

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Truga 22 % har nynorsk som hovudmål. 44 % går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarar.	Sårbart 74 % held på hovudmålet frå 1. til 10. steget. Andelen nynorskelevar er stabil.	Trygt Det er avis med nynorsktekstar med over 25 % husstandsdekning.	Truga 11 % bur i kommune med nynorskvedtak.

51 Hjelmeland: SÅRBART

Hjelmeland

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Sårbart 98 % har nynorsk som hovudmål. 100 % går på reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for innvandrarar (dette trekk ned)	Trygt 90 % held på hovudmålet frå 1. til 10. steget. Andelen nynorskelevar er stabil.	Trygt Det er avis med nynorsktekstar med over 25 % husstandsdekning.	Trygt Alle bur i kommune med nynorskvedtak.

52 Suldal: TRYGT

Suldal

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Trygt Over 80 prosent har nynorsk som førstespråk. Over 80 prosent går i reine nynorskskular. Det er nynorskopplæring for vaksne innvandrarar.	Trygt Over 80 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Endringa frå 2000/2001 til 2020/2021 er på mindre enn 5 prosentpoeng eller oppgang.	Trygt Det er medium med nynorsktekstar og dei har over 25 prosent husstandsdekning.	Trygt 100 prosent bur i kommunar med nynorskvedtak.

53 Sauda: TRUGA

Sauda

Opplæring (status)	Opplæring (utvikling)	Mediespråk	Forankring
Truga 88 prosent har nynorsk som førstespråk. 44 % går i reine nynorskskular. Det er ikkje nynorskopplæring for vaksne innvandrarar.	Trygt 80 prosent held på nynorsk frå 1. til 10. steget. Nynorskdelen er auka med 12 prosentpoeng dei siste 20 åra.	Trygt Det er medium med nynorsktekstar og dei har over 25 prosent husstandsdekning.	Trygt 100 prosent bur i kommunar med nynorskvedtak.

54 Utsira: MARGINALISERT

Utsira

